



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 12.09.2012
Tid: 15:00-20:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Kristin Meland	Møtereferent
Trond Salmo	Økonomisjef
Halvard Wiik	Kontorsjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef


Wenche Tislevoll
Ordfører

Lars Ove Rimmereid

Arne Prestbø


Kristin Meland
Møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 70/12	Godkjenning av protokoll	033
PS 71/12	Saker handsama etter delegering	033
PS 72/12	Meldingssaker	033
PS 73/12	Forlenga periode for kommunedelplan for anlegg og område for idertt og friluftsliv.	C20
PS 74/12	Ny ordning for klinisk veterinæravakt gjeldande frå 01.07.2012	517
PS 75/12	REMA 1000 - skjenkeløyve	U62
PS 76/12	Planstrategi 2012-2015	120
PS 77/12	Nedskriving av aksjar. Konstaterte og moglege tapsføringar	
PS 78/12	Finansforvatningsrapport 2. tertial 2012	250
PS 79/12	Selskapsoversikt 2011	216
PS 80/12	TV-aksjonen 2012	X03
PS 81/12	Klage på eigedomsskatt/søknad om reduksjon av skatt	
PS 82/12	Ymse	033

Informasjon planstrategi, sak PS 76/12:

Strategi for pleie og omsorg er førebels ikkje ferdig. Endeleg dokument vil bli lagt fram i møtet.

PS 70/12 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 27.06.2012

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Grunna sein utsending av protokollen vert den lagt fram for godkjenning i neste møte.

Vedtak:

Saka vart utsatt til neste møte.

PS 71/12 Saker handsama etter delegering

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek delegeringssaka til vitande.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Vedtak: (Samrøysts)

Som framlegg.

PS 72/12 Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

1. Økonomisjef Trond Salmo orienterte om budsjettrapporten for 2 halvår.
2. Brev vedk. Moavegen. Ordførar svarar på henvendinga, det vil bli føreteke grøfterensk i området.
Rådmannen orienterte om at utval for plan og miljø er merksam på dessa problema fleire stader i kommunen. Problema skal kartleggast og takast opp att i Utval for plan og miljø.
3. Status «Nye» Rimbareid skule. Papira er klar til underskriving. Rådmannen orienterte om innholdet i kontrakten og om overskriding av nye ting som er kome til. m.a. skifting av fleire vindu, montering av heis. Ordførar Wenche Tislevoll sa seg inhabil under denne meldingssaka og gjekk frå møtet.
Agnar Aarskog (AP) tok over som setteordførar.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 73/12 Forlenga periode for kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 1999-2011 vert forlenga til 31.12.2013.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 1999-2011 vert forlenga til 31.12.2013.

PS 74/12 Ny ordning for klinisk veterinærvakt gjeldande frå 01.07.2012

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

1. Fitjar kommune sluttar seg til ny sentral ordning for klinisk veterinærvakt frå 01.07.2012, som er forvalta av Kommunenes Sentralforbund, i samsvar med A-rundskriv 2/2012 frå KS.
2. Bømlo kommune får fullmakt til å administrere ordninga og å inngå naudsynlege avtalar med veterinærane om deltaking i veterinærvaktene.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

1. Fitjar kommune sluttar seg til ny sentral ordning for klinisk veterinærvakt frå 01.07.2012, som er forvalta av Kommunenes Sentralforbund, i samsvar med A-rundskriv 2/2012 frå KS.
2. Bømlo kommune får fullmakt til å administrere ordninga og å inngå naudsynlege avtalar med veterinærane om deltaking i veterinærvaktene.

PS 75/12 REMA 1000 - skjenkeløyve

Framlegg til vedtak:

Med heimel i Alkohollova kapittel 3 og lokale vedtekter vert det gjeve slikt salsløyve:

1. Jan Stian Nygård Taule AS sin daglegvarebutikk (Rema 1000) i Fitjar får salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1. Løyvet gjeld fram til 30.06.2016.
2. Jan Stian Nygård Taule (061280) vert godkjent som styrar av løyvet. Marit Hovland (050577) vert godkjent som nestleiar/avløysar for styrar.
3. Salstidene er måndag – fredag kl. 09.00 – 20.00, dag før søn- og heilagdag kl. 09.00 – 18.00. (Onsdag før Kristi Himmelfartsdag kan likevel sal gå føre seg fram til kl. 20.00). Avgrensingar elles går fram av Alkohollova § 3-7 og lokale vedtekter. Dei alkoholhaldige drikkevarene skal vera tildekka/avsperra/avlåst dersom salsstaden held ope utover dei salstidene som står i dette løyvet.
4. I tillegg til Alkohollova med tilhøyrande forskrifter, utgjer dokumentet "Vedtekter for alkoholomsetnaden i Fitjar kommune", (Løyveperioden 01.07.2012 – 30.06,2016), og då spesielt kapittel 2 og 4, dei vilkår som elles gjeld for dette løyvet.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 76/12 Planstrategi 2012-2015

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner ei tverrfagleg tilnærming til planstrategi, som skissert i saka. Formannskapet godkjenner skisse til høyringsdokument. Utval for oppvekst og omsorg og Utval for Plan og miljø får fullmakt til å justera strategien på eigne ansvarsområde innan 2 oktober.

Deretter blir utkastet til planstrategi lagt til offentleg høyring i perioden 3 oktober til 5 november 2012.

Vedtaket skjer med heimel i Plan- og bygningslova § 10-1.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Utdelt i møtet:

Justert utkast til planstrategi 2012 – 2015.

Formannskapet drøfta planen og **representanten Harald Rydland (KrF)** kom med framlegg til administrasjonen om m.a. å systematisere kva planer som er lovpålagt og kven som har tilhørighet til planen, både administrativt og politisk.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) la fram slikt innspel:

Strategisk Næringsplan

Ein strategisk næringsplan har fleire føremål som :

Å styrkja næringslivet i kommunen.

Konsentrera aktiviteten til saker som er viktige for næringslivet i kommunen.

Få etablert ein næringspolitikk (visjon, mål og tiltak) som politikarar, administrasjon og næringsliv er samde om.

Få til eit aktivt samarbeid mellom ulike aktørar, slik at alle dreg i same retning.

SNP vil vera eit godt reiskap for heilskapleg næringsutvikling

Planen kan m.a. innehalda fylgjande:

1. Infrastruktur og kommunikasjon
2. Næringsutvikling
3. Opplæring/kompetanse/ungt entreprenørskap
4. Omdømme/marknadsføring

Innhaldet i planen er ikkje uttømande.

Framdrift:

Arbeidet med planen skal vera starta i løpet av 2012 og skal vera ferdig i løpet av 2013.

Næringsplan skal rullerast i 2018.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med planen, sett saman av representantar frå næringsliv, politikere og kommune.

Formannskapet drøfta skissa og kom med slikt framlegg til tillegg i 2. setning:
Strategisk næringsplan for Fitjar kommune skal inn i høyringsdokumentet.

Vedtaket: (Samrøystes)

Formannskapet godkjenner ei tverrfagleg tilnærming til planstrategi, som skissert i saka. Formannskapet godkjenner skisse til høyringsdokument, strategisk næringsplan for Fitjar kommune skal inn i høyringsdokumentet.

Utval for oppvekst og omsorg og Utval for Plan og miljø får fullmakt til å justera strategien på eigne ansvarsområde innan 2 oktober.

Deretter blir utkastet til planstrategi lagt til offentleg høyring i perioden 3 oktober til 5 november 2012.

Vedtaket skjer med heimel i Plan- og bygningslova § 10-1.

PS 77/12 Nedskrivning av aksjar. Konstaterte og moglege tapsføringar

Framlegg til vedtak:

Aksjepostane i fylgjande selskap vert nedskrive og sletta i rekneskapen for 2012:

Sunnhordland Lufthavn AS, Norsk Informasjonsteknologi Kommunedata AS, Boktrykk Norsk Skjemaforlag LL og eventuelt Norsk Akvakultur AS.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 78/12 Finansforvaltningsrapport 2. tertial 2012

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 79/12 Selskapsoversikt 2011

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Selskapsoversikt 2011 vert teke til vitande.

PS 80/12 TV-aksjonen 2012

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune løyver kr. 5.000,- til TV-aksjonen 2012. Summen vert å ta av konto 14700 – teneste 1000 – ansvar 1000.

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 81/12 Klage på eigedomsskatt/søknad om reduksjon av skatt

PS 82/12 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 12.09.2012:

Representanten Harald Rydland (KrF) hadde følgjande spørsmål på vegne av Fitjar KrF

1. I Bergens Tidende var det den 30. august ein større reportasje der det vert stilt spørsmål ved om Fitjar kommune er godt nok førebudd og har gode nok risiko- og beredskapstiltak å setja inn, dersom det skulle oppstå ulukker eller andre uventa hendingar i samband med etablering og drift av vindparken på Fitjarfjellet. Det kom mellom anna fram at det er behov for oppdatering av kommunen sin ROS-analyse.

Spørsmål:

Har kommunen sett i gang arbeidet med å oppdatere ROS-analysen, og er det noko så langt som tyder på at kommunen sitt ansvar kan få konsekvensar når det gjeld økonomi, kompetansekrav i brann- og redningsetaten og kapasitet/dimensjon på mannskap og utstyr.

Hvem har ansvaret for redning dersom noe skulle skje?

Svar frå ordførar som har konferert med konst. avd.leiar for plan og utvikling/varabrannsjef Torgeir Steien:

Underteikna kjenner ikkje til at det er sett i gang arbeid med revisjon av ROS analysen. Det er ikkje utarbeida eiga ROS-analyse for Fitjar Brannvesen vedkomande brann og ulukker i vindmølle parken.

Fitjar brannvesen disponerer ikkje utstyr som er berekna på t.d redning av personell frå store høgder (80 meter), har heller ikkje mannskap som har kompetanse (opplæring) innan høgde redning.

Manglar nok og utstyr for å takle brann i området. Nord i vindmølleparken er det lite og ikkje vatn å henta, sør i parken er det meir tilgang på vatn.

Har ikkje utstyr, eller mannskap med kompetanse på å takla brann i trafo, eller vindmøller. (høgspenning i dei aktuelle objekt 300 kv i trafo og 1000 volt i møller)

Kan få konsekvenser med omsyn til utstyr (tankbil og evt anna utstyr som vil vera nødvendig for å takla uønska hendingar i området)og opplæring av mannskap.

SPØRSMÅL 1 og 2 FRÅ AKSJONSGRUPPA FOR VERN AV FITJARFJELLET OG SVAR – SOM ER RELEVANT TIL SPØRSMÅLET OVER

2. Det er for tida mykje merksemd rundt Hordaland Fylkeskommune sin skulebruksplan for dei vidaregåande skulane. I dei ulike løysingane som planen legg opp til, får Fitjar VGS ulik skjebne frå nedlegging til styrking. Høyringsfristen for å komma med merknader til skulebruksplanen er sett til den 1. oktober. Kommunestyret fekk før sommaren orientering om temaet der det kom fram at ordføraren ville etablere ei gruppe som skulle arbeida politisk for at Fitjar VGS kom vel ut av

prosessen.

Spørsmål: Er gruppa som skal arbeida politisk for å fremja Fitjar VGS sine interesser vorte etablert, kven sit i gruppa og kva har den så langt fått gjort?

Svar frå ordførar

Arbeidsgruppa består av Wenche Tislevoll, ordførar, Sigurd André Maraas – Frp, Monika Hatlevik – Næringsrådet, Leif Helge Engelsen, rektor Fitjar VGS, John Karsten Raunholm, skulesjef og sakshandsamar. Gruppa hadde sitt første møte 22. august.

Leif Helge Engelsen lagar ein felles del i høve til utdanningsprogramma som alle bør ha med. John Karsten Raunholm lagar sak/uttale som skal opp i Oppvekst & Omsorg 18. september og i kommunestyret 26. september.

Ein arbeider med ein felles uttale frå Samarbeidsrådet (alle Sunnhordlandskommunane) Underteikna og Utvalsleiar i Oppvekst og Omsorg arbeider med dette. Forslag til uttale klar i løpet av veke 37.

Det blir sendt uttale frå Fitjar vgs (administrasjon, tilsette, elevråd, samarbeidsutval osv. Det blir sendt uttale frå Næringsrådet. Ordførar har sendt brev til alle dei politiske partia der ein ber dei sende inn uttale til planen og der dei også blir oppmoda om å påverka beslutningsprosessane i saka.

Fitjar kommune har sendt invitasjon til Opplærings- og helseutvalet der dei er invitert til Fitjar medio oktober. Frå Fitjar Høgre blir det sendt invitasjon til fylkesordførar og andre nøkkelpersonar i fylkespolitikken.

Høyringsfristen for uttale er sett til 1. oktober men arbeidet er langt ifrå gjort med dette. Arbeidsgruppa bør ha eit nytt møte etter at uttalane er sendt.

3. Kommunane Fitjar og Stord tok i april 2010 initiativ til å søkja om å få rusta opp deler av FV 545 med delvis finansiering frå bompengar på ferja mellom Sandvikvåg og Halhjem i to år frå 1.1. 2012, noko som vil gje omlag kr. 40 mill. til opprusting av vegen. Søknaden fekk positiv tilslutning frå både det regionale vegvesenet og Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget gjorde vedtak om å senda søknaden til Vegdirektoratet for vidare handsaming den 21.6.2011. Det har heile tida vore målet at søknaden skulle fremjast for stortinget våren 2012, slik at ein var trygg på at bompengereinkringa på ferja kunne halda fram utan opphald etter at inkrevinga til E 39 er slutt ved utgangen av 2012. No har me fått greie på at søknaden ikkje kom fram til Stortinget i vårsesjonen.

Spørsmål: Kan ordføraren orientera om kva status søknaden har og kva tid me kan forventa at den vert fremja for Stortinget?

Svar frå ordførar

I vår var underteikna i kontakt med både Per Steffen Myhren i Statens Vegvesen og Sigrid Handegard, politisk rådgjevar for Magnhild Meltveit Kleppa – Samferdselsdepartementet for å finna ut kor langt i systemet søknaden var komen. Det viste seg at ein ikkje fekk fremja søknaden for Stortinget på våren. Tilbakemeldinga var då at søknaden ville koma opp og bli handsama i løpet av hausten. Ein kunne ikkje sjå noko som skulle hindra dette. Dei var klar over viktigheten av at dette blei vedtatt før årsskiftet for at bompengereinkringa på ferja kunne halda fram utan opphald.

Har vore i kontakt med Per Steffen Myhren, SV, igjen og tilbakemeldinga er at proposisjonen går som planlagt og vil bli behandla av stortinget i haust.

Rådmannen orienterte om

Rådmannen orienterte om

1. Adresseringsprosjektet.

Det er ikkje laga sak på dette enda, men arbeidet er starta opp. Formannskapet er navnemynde, det må veljast ei nemnd som innstillingsmynde, formell sak vil bli lagt føre formannskapet.

2. Koløyholmen.

Samarbeidsavtale med Tyse og hans selskap. Det blir for dyrt å laga kloakkledning til Kuarvågen, slik at det må lagast eige kloakkrenseanlegg (må søkjast løyve). Rådmannen legg til grunn 40/60- fordeling av kostnaden basert på maksimalt framtidig tal tilkoplingar og lager skisse til avtale med Tyse.

3. Fitjarsjøen 38.
Det vil bli svært kostbart å byggja om huset til 3 leiligheter. Kommune vil beholda huset med ein leilighet slik det er no ein kort periode. Det er ulike alternativ for framtidig langsiktig disponering av egedomen; Ein kan selja, eller byggja noko meir permanent(nybygg) til disposisjon til føremålet på egedommen. Det må ein koma attende til.
Det blir og vurdert ei mellombels løysing med bruk av brakker til 3 – 4 personar til føremålet, anten på egedomen(men då blokkerer ein både for salg og nybygg) eller på nabotomt.
Formannskapet v/ordførar ber om sak og orientering frå NAV i neste møte.
4. Turøy/Midsæter – orienteringa lukka jfr. § 31.4 i kommunelova.
5. Det må rekrutteres personell til pleie og omsorg, det er no lyst ut 2,7 stillinger.
Det må etablerast måtar å stimulera søkjarar til å søke jobb hos FK, t.d. "sign-on fee", flyttegodtgjersle eller liknande.
6. Dokken i Årskog – orienteringa lukka jfr. § 31.5 i kommunelova

Lars Ove Rimmereid (Sp) hadde følgjande:

Veg til skulen og kryss, vegvesen skal bygge krysset, men vegen er ikkje bygd. Dette er ikkje i samsvar med avtalen mellom Fitjar kommune og vegvesenet. Reguleringsplanen må følgjast. Det skal vera sluttbefaring på mandag.

Ordførar Wenche Tislevoll orienterte vidare om:

1. Dagtilbud for demente er starta opp, 5 damer deler på 2 plasser.
2. Folkehelsekoordinator er starta opp i halv stilling, Sigrid Fangel er gått inn som fysioterapeut i halv stilling for Kari Raunholm.
3. Arbeidsgruppe for oppretting av seniorsenter. Det er laga skisse på 2 etg på Fitjar kultur- og idrettsbygg over biblioteket. Det blir sak til formannskapet seinare, 31 oktober.
4. Oppgradering av brannstasjonstomta i sentrum. Det har vært organisert dugnad. Næringsrådet og næringslivet har gitt støtte til oppgraderinga. (Agnar Aarskog (AP) kom her med merknad på at dei lause hellene på strandpromenaden bør fjernast og takast vare på slik at dei ikkje verte øydelagde. Hellene bør festast på nytt.)
5. Moahagen. Det har vore teke kontakt med Stiftinga Håkon den gode, dei har vore og sikra bygga i Moahagen.
6. Politimesteren på Haugalandet kjem på neste kommunestyremøte og informerer om tiltak i Fitjar kommune.
7. Egedomssal i Håkonar Næringspark – lukka.
8. Nytt oversiktskilt over bedrifter i Håkonar næringspark.

Vedtak: